

MØTEREFERAT 19. SEPTEMBER 2017

Råd/utval: Stord sokneråd
Tid: Tirsdag 19. september 2017 kl. 18.30
Møtestad: Stord kyrkjekontor
Opning: Eirik
Servering: Reidun

1. og 2. vara møter fast, øvrige medlemmar har møteplikt berre etter nærare innkalling.
Forfall må meldast til Reidun.

" *Livet i fokus, nær Gud - nær menneske* " visjon Stord kyrkjelyd

Til stades: Oddlin Stave Aadland, Kjellaug Stautland Eide, Målfrid Lønning, Elfrid Johanne Kartveit, Eirik Aadland Tappel, Anders Grov Nilsen, Nils Dale Elde, Reidun Andersen. Marte Elise Eide på sak 24.

Ikkje tilstades: Liv Jorunn Alvsåker, Åsa Rygg, Anne Brandvik Nilsen, Gerny Fredrikke Gandrud, Daniel Kjellevoid Steinsland.

SAKLISTE

- Godkjenning av innkalling og sakliste
- Godkjenning av møtebok frå soknerådsmøte 23.05.17

Skriv, referat og meldingar

1. Referat frå møte i Kulturutvalet 01.06.17, 28.06.17, 23.08.17
2. Referat frå møte i Fellesrådet 15.06.17 og 13.09.2017
3. Referat frå møte i Nysæter sokneråd 30.05 og 05.09
4. Referat frå klokkarmøte 28.08.17
5. Referat frå gudstenesteutvalet 06.09.2017

Orienteringssaker:

1. Orientering frå staben
2. Nytt frå trusopplæringa
3. Konsertar og arrangement. Festivalen KyrkjeLyd. Multimedia-forestillinga «Mitt Nabolag» med Christian Stejskal kjem på temakveld 17. januar, forestillinga handlar bl.a. om åra han budde i lag med søppelarbeidarane i Kairo. Relevant i høve til Misjonsprosjektet.
4. Prostdagen 31.10.2017, invitasjonar vart utdelt i møtet.
5. Konfirmantfestane vert tirsdag 17.04.2018 og onsdag 18.04.2018. Kjem som sak på neste møte.
6. Takkoffer 1. nyårsdag på Huglo plar gå til Bjørgvin bispedømeråd. Dette vert endra etter samtale med bispedømerådet, dei ynskjer at takkofferet heller går til noko soknerådet «brenn for». AU går inn for at det går til kyrkjelydsarbeidet 01.01.2018.
7. Retningslinjer Rind-midlar
8. Kyrkjelydshus - status v/Anders Grov Nilsen
9. Kyrkjelydspedagog. Ingen søkjarar til vikariatet.
10. Ny lysglobe i kyrkja er godkjent. Sakshandsamar bestiller.
11. Ny dåpsliturgi vart delt ut i møtet. Små endringar.

Drøftingsaker:

1. Det er behov for dåpsvertar når det er dåp i gudstenestene. Soknerådet spør personar som kan vera aktuelle.

MØTEREFERAT 19. SEPTEMBER 2017

Ymse

- T- dagar i næraste framtid utan kyrkjelydspedagog: T-4 og T-11. Sak 29.
- Permisjonssøknad frå Daniel Kjellevold Steinsland. Sak 30.

Saker:

2017/23 - 150

Støtte Sing Sing oppstarhelg

Det kom mail til begge sokneråda frå Sing Sing ved Brita Høyland om støtte til oppstartshelg. Mailen kom etter siste møte i sokneråda, og det vart difor gjort vedtak på AU si sommarfullmakt.

- Nysæter (Hildegunn) støttar tiltaket, men har ikkje budsjett til støtte. Dei tilrår bruk av Rind-fond.
- Stord (Eirik, Liv Jorunn + Anders) støttar tiltaket. Stord ønskjer å bruka Rind-fond, men støttar søknaden med «eigne midlar» om det ikkje let seg gjera.

Vedtak

Stord og Nysæter sokneråd støttar søknaden frå Tensing-koret Sing Sing om støtte til oppstartshelg 1.-3. september 2017. Me løyver kr. 10 000 frå Rind-midlane til dette formålet, og ynskjer dei lukke til vidare med dette viktige arbeidet.

2017/24 - 002.1

Marte Elise Eide vert takka for vervet i ungdomsrådet i bispedømet

Marte Elise Eide har vore representant i Ungdomsrådet i Bjørgvin bispedøme for Stord sokn. Ho vert invitert til soknerådsmøtet, og takka av for innsatsen ho gjorde der.

Marte Elise fortalde om ei spennande og lærerik tid i løpet av dei tre åra ho var med i Ungdomsrådet. Det var kjekt og interessant å høyre kva ho hadde opplevd, og soknerådet fekk ei fin stund i lag med ho. Marte Elise vart takka for den flotte tenesta ho hadde gjort i Ungdomsrådet, og fekk gåve frå soknerådet.

2017/25 - 023

Utfordring frå biskopen; styrking av gudstenesta og frivillige medhjelparar

Soknerådet fekk nokre utfordringar frå biskopen etter visitasen i november 2016; styrking av gudstenestene, frivillige medarbeidarar, givarteneste. Soknerådet gjorde vedtak (2016/55) om å ta tak i eit punkt på kvart møte framover. Soknerådet ser på desse punkta i møtet; Styrking av gudstenesta, og frivillige medarbeidarar.

Soknerådet drøfta korleis ein kan få fleire til å kome på gudstenestene. Det er starta ei familiegruppe i kyrkjelyden, føremålet med gruppa er å styrka fellesskapet mellom familiane som går i kyrkja. Det å vite at ein treff kjente i gudstenesta, kan vere at det er lettare å kome. At ein snakkar med andre om at ein skal på gudsteneste, og kanskje spør om dei ynskjer å vera med. At ein «ser» folk på kyrkjekaffien er viktig.

2017/26 - 317

Vipps

Stord sokneråd har tidlegare hatt mCash som betalingssystem i kyrkja. Frå 1. september er mCash ute av drift. Betalingssystemet Vipps er no på plass, og vart nytta i gudstenesta 17. september.

2017/27 - 211

Høyringsuttale, ny soknediakon

Saka har vore oppe i soknerådet før og er drøfta (i mai 2017). Hjørdis Heggland var då ikkje kandidat. Store delar av soknerådet ønskte setja Eldøy høgt på lista. Stord sokneråd støttar høyringssvaret frå Nysæter sokneråd som lyder slik:

1. Kjetil Eldøy
2. Hjørdis J. Heggland

MØTEREFERAT 19. SEPTEMBER 2017

2017/28 - 273

Evaluering Døgnet

Begge sokneråda og tilsette i fellesrådet var eit døgn på hotell i Haugesund i slutten av august. Dette er ein viktig arena å møtast på slik at ein blir betre kjend, veit meir om kva arbeidet i soknerådet går ut på, og kva arbeidsoppgåver dei tilsette har. Den sosiale kvelden var veldig kjekk, interessant foredrag, gode case-saker som var lærerike, fint hotell, god mat. Fint at dei tilsette presenterte seg så grundig, neste år treng kanskje berre dei som er nye presentere seg og arbeidet sitt. Ynskjer å bruke mindre tid på case til neste år, heller arbeide meir med foredrags-emnet. Ynskjer foredrag til neste år med fokus på kyrkjelydsbygging og frivillige medarbeidarar.

2017/29 - 330

T-dagar i haust

Då det ikkje kom nokon søkjarar til kyrkjelydspedagog-vikariatet må soknerådet ta stilling til om T4 og T11 skal gjennomførast i haust. Undreturen til T4 går muligens ut, soknepresten tar kontakt med kontaktpersonen for T4 for planlegging av T4-gudstenesta. Anders er kontaktperson for T11, han ser på korleis/om T11 kan gjennomførast.

2017/30 – 012.1

Permisjon frå verv i soknerådet

Daniel Kjellevold Steinsland har søkt om permisjon frå vervet i soknerådet dei neste åra då han er byrja å studere i Trondheim.

Permisjonssøknaden vert innvilga for eitt år frå vervet i soknerådet, han må søkje på nytt om eitt år om han ynskjer permisjon lengre. Ungdommane er svært ønskte i soknerådet, og soknerådet skulle ønskt at han var med vidare. Soknerådet ynskjer han lykke til med studiene. Oddlin Stave Aadland møter fast i soknerådet som varamedlem. Samtidig ynskjer soknerådet at Målfrid Lønning møter kvar gong, på denne måten er alle medlemmane med på møta.

Anders Grov Nilsen
soknerådsleiar

Reidun Andersen
sakshandsamar